

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Vår dato: Deres dato:

25.11.2021

Vår referanse: Deres referanse:

11/2021-xx

Ugradert

Saksbehandler:

Anette CW Pettersen

Svar på høyring om forskrift om opptak til høgare utdanning for opptaksåret 2022-2023 – spesielle opptakskrav til lærarutdanning

Unit viser til brev av 18.11.21 med forslag til endringar i § 4-7 i forskrift om opptak til høgare utdanning og § 3 i forskrift om rammeplan for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13, og gjer med dette sitt høyringssvar.

Unit vil ikkje kommentere på det konkrete innhaldet i forslaget til dei nye opptakskrava til grunnskulelærarutdanningane og lektorutdanninga i dette høyringssvaret, men vil påpeike risikoane ved å innføre endringa for kommande opptak til studieåret 2022-2023.

Innleiing om Samordna opptak og om reglestyringa av opptaket

Samordna opptak (SO) blei oppretta i 1994 som eit service- og koordineringsorgan for opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskolar. Sidan 2018 har tenesta SO vore ein del av Unit, som utviklar og forvaltar dei tekniske systema som støtter arbeidsprosessane og den tekniske gjennomføringa av det samordna opptaket. I dag koordinerer SO opptaket til 27 universitet og høgskolar og 27 fagskular.

Hovudprinsippet i det samordna opptaket er éin søknad per person. Ein person/søkjjar kan søkje ti studium i prioritert rekkefølge. Kvar søkjjar blir tildelt ein hovudsakshandsamar, som regel studiestaden for studiet på førsteprioriteten. Basert på ei tolking av regelverket som SO gjer, blir regelverket koda inn i opptakssystema. Det blir samstundes utarbeidd vegleiing til opptakspersonell ved studiestadane om korleis sakshandsaminga skal gjennomførast. I den samordna sakshandsaminga får søkjaren poengtal og kvalifiseringsstatuskoder basert på den bakgrunnen og kvalifikasjonen søkjjar har, og kva for studium ein har søkt. Søkjaren får tilbod om studieplass på sitt høgaste prioriterte studieønske der søkjaren er kvalifisert, og samstundes har nok poeng til ein studieplass i konkurranse med andre.

Tal frå opptaket viser at 330 fleire av dei som søkte grunnskulelærar- og/eller lektorutdanning i 2021 ville vore kvalifisert for opptak med det nye alternative opptakskravet.

Opptaksregelverket si rolle i førebuingane til opptak

Opptaket til høgare utdanning følgjer ein fast kalender for at søkjarar, institusjonar og SO skal ha god nok tid å førebu seg. For Unit sin del betyr at dette å innføre og sikre kvaliteten på endringar som skal innførast i opptaket til grunnutdanningar ved universitet og høgskular. Kunnskapsdepartementet har sjølv i rundskriv F-09-10 satt 15. november som frist for endringar i forskrifta.

For Unit og det samordna opptaket er regelverket for opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskular ein tett integrert del av systemet som nyttast for å gjennomføre opptaket. Regelverk og regelverksendringar må vere koda og kvalitetssikra i god tid før opninga av søknaden, 1. februar kvart år. Dette er eit arbeid som krev mykje ressursar og tid til kvalitetssikring.



Det systemtekniske landskapet i det samordna opptaket

Dei tekniske løysningane ein nyttar for å gjere om regelverk til kode, og for å støtte sakshandsaminga på lærestadene, byggjer på eldre teknologi og er utvikla over mange år. Det gjer at vi i dag sit på eit systemteknisk lappeteippe med mange og gamle system. Desse har høg kompleksitet, og nokre delar ikkje er endra/oppdaterert på lenge. Sidan systema er gamle, så eksisterer det ingen moglegheit for å teste dataflytane i opptakssystemet fullt ut, og fleire endringar vil først bli vist etter at svaret på opptaket er klart. Det at gammal teknologi og kode er grunnlag for (fleire av) systema, gjer det krevjande å finne rett kompetanse til vidare utvikling og forvaltning.

Desse fakta utgjer eit eige område for risikovurdering som SO gjer før kvar opptakssesong, og som i sin tur utgjer rammene for dei risikoreduserande tiltaka som planleggast kvart år.

Konsekvensar ved regelendringa

For å rekke å implementere endringane innan opninga av søknaden 1. februar, er Unit allereie i gong med arbeidet, sjølv om høyringsfristen er i januar. Dette fører til at andre oppgåver må vente eller utgå. Endringa får altså konsekvensar uansett resultat av høyringa.

- Unit ønskjer å forbetre systema for komande opptak for å redusere risiko. I samband med dette har Unit fått midlar til eit nytt system for bygging av opptaksregelverk. Dette arbeidet vil bli forsinka, då vi må bruke ressursane til å gjennomføre endringane i krav til lærarutdanningane. Vi går dermed inn i opptaket for 2022 med uendra risikoprofil sett i forhold til opptaket for 2021.
- I tillegg vil ny funksjonalitet i Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB) og oppdatering av kontrollprogrammet i NVB måtte vente eller, i verste fall, utgå.
- Når kontrollprogrammet for NVB ikkje blir oppdatert, får dette konsekvensar for vidaregåande skular som ikkje får kontrollert om elevane og privatistane som har tatt fag frå Fagfornyelsen, vil dekkje krava til eit vitnemål. Dette kan føre til at manglar blir oppdaga seint, eller at det ikkje blir oppdaga, med det til følge at avgangselevar ikkje oppfyller krava til vitnemål.
- Manglande oppdatering av kontrollprogrammet for NVB, vil og gje store konsekvensar for lærestadane i det samordna opptaket, som får fleire vitnemål som må handsamast manuelt i opptaket til studieåret 2022-2023.

Ytterlegare risiko og konsekvensar

Endringa som vært føreslått inneber to alternative kvalifikasjonsreglar, som aldri har vore nytta tidlegare for opptaket til lærarutdanningar. Opptakskravet til lærarutdanninga inneheld i dag fleire sett med enkeltkrav i kombinasjon, og ein alternativ måte for å kvalifisere seg fører med seg ei utviding av eit allereie komplisert regelverk.

- Det er samla sett ein risiko for at Unit ikkje kan innføre denne endringa tidsnok for opptaket til studieåret 2022-2023, og at det kan oppstå uventa feil i regelverket som blir oppdaga undervegs i opptaket.
- På grunn av gamle system og manglande høve for testing er det vanskeleg for Unit å sjå føre seg alle konsekvensar av endringa før opptaket er godt i gang, og/eller gjennomført. Dette skaper ein risiko for at det kan bli oppdaga feil undervegs i handsaminga av søknadene og i opptakskøyringa. Dersom slike feil ikkje lar seg rette til hovudopptaket, vil det ikkje være mogleg å gi rett opptaksresultat for opptak til studia som er omfatta av endringa.



- SO ser moglegheita for å gjennomføre opptaket sjølv om me ikkje rekk å kode regelverksendringa, men det vil føre til meir manuell sakshandsaming ved lærestadane. Dette vil måtte skje ved at sakshandsamar går inn i søknaden og manuelt set karakteren som gjer rett kvalifikasjonsgrunnlag til opptaket. Eit større ressursbehov vil oppstå ved lærestadane.
- Etter opptaket i 2021, meldte fleire av lærestadane at dei berre så vidt blei ferdige med sakshandsaminga til hovudopptaket. Ustabilitet i systemet for sakshandsaming og større søknadsmengde enn tidlegare år gjorde at dei ikkje hadde noko å gå på for å rekke å bli ferdige til hovudopptaket. Det er altså ein stor risiko for at om feil blir oppdaga når sakshandsaminga av søknadane er i gang, eller om det blir behov for meir manuell handsaming, så vil lærestadane ikkje rekke å handsame alle søknadene innan hovudopptaket.

Konklusjon

Trass i risikoane er det Unit si vurdering at opptakskravet kan innførast, og vi vil halde Kunnskapsdepartementet orientert om arbeidet med kodinga av regelverksendringa. Med omsyn til risikoen ved implementering i dei tekniske systema, og konsekvensane dette får for lærestadane, bør omfattande endringar i regelverket bli vedteke minst eitt år før dei trer i kraft.

Med denne endringa ser vi enda sterkare behov for eit nytt teknisk system for det samordna opptaket. Eit nytt system vil gjere innføringa av nye regelverksendringar mindre risikofylt, og vi vil kunne ha moglegheita til å simulere effekten av nye endringar før dei blir vedteke.

Med vennlig hilsen

Terje Mørland
Avdelingsdirektør
Avd. for Utdanningstjenester
Unit